



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
42/2023	Kommunestyret	22.06.2023

Masterplan Vågåmo

Vedlegg

- 1 230615_Masterplan til kommunestyret

[Masterplan endleg rapport](#)

Saksframlegg:

Vågå kommune søkte Innlandet fylkeskommune i 2021 om midlar til utvikling av ei stadutviklingsplan / masterplan og fekk innvilga kr 500.000 til arbeidet. Bakgrunnen for søknaden var signal om store endringar og prosjekter i Vågåmo.


Arbeidet starta hausten 2021, men har vorte utsett fleire gongar, da strukturendringane i sentrum har vorte enda større enn forutsett og eit ynskje om å samkøyre prosessen med NVE si flaumsikring av Vågåmo.

Til grunn for arbeidet ligg Vågå kommune sin overordna visjon: **Vågå – eit verdival**. Der Vågå skal vere ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrums.

Stadutvikling er eit av fokusområda i samfunnssdelen og arbeidet med masterplan byggjer på samfunnssdelen sine mål for stadutvikling.

Arbeidet er gjennomført av Norconsult i tett dialog med ei arbeidsgruppe frå Vågå kommune. Det har vorte lagt ned mykje arbeid i prosjektet, både med innhenting av informasjon, involvering av aktørar i sentrum, opne idémøter med næringsliv og organisasjonar og liknande.

Masterplan er ein langsiktig strategisk plan, som seier noko om kvar vi er og kor vi skal, og tek inn over seg korleis utviklinga er ønska på lang sikt. Den er ikkje forankra i lovverket, men er planlegging i forkant av formelle planprosessar. Noko av formålet med masterplanarbeidet ved oppstart av arbeidet var å få ein god prosess og medverknad om utvikling av Vågåmo utan at gjeldande planverk skulle leggje rammer for prosessen.



Figur 1 - Avgrensing av område for stadutviklingsplanen (Kjelde: Norconsult AS, stadutviklingsplan)

Masterplanarbeidet har vore inndelt i 4 fasar:

- Fase 1: Oppstart, registrering og analyse
- Fase 2: Medverknad
- Fase 3: Konseptutvikling
- Fase 4: Planutforming

Behov og føringar som kom fram i fase 1 og 2 samsvarer godt med overordna mål nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel:

- Styrke den historiske sentrumskjernen
- Legge til rette for vidare vekst og nyetablering
- Identitetsbygging – bygge vidare på historiske og identitetsskapande element
- Destinasjonsbygging – styrke Vågåmo sentrum si rolle som destinasjon
- Aktivisere grønstrukturen
- Redusere barrierverknad
- Mobilitet på dei mjuke trafikkantane sine vilkår.

Med bakgrunn i dette har arbeidet med konseptutvikling (fase 3) vore inndelt i følgjande hovudtema:

1. Overordna plangrep og uteromsstruktur
2. Fortettingsmogleheter og bustadutvikling
3. Mobilitet
4. Grønstruktur
5. Vågåmo - arrangementsbygd og innfallsport til Jotunheimen

Arbeidet med konseptutvikling munna ut i forslag til følgjande overordna strategiar:

- Konsentrere ny utvikling av sentrumsfunksjonar kring eksisterande sentrumskjerne (fortette/ transformere)
- Knyte saman («uteromsvev» som knyt saman ulike uterom og målpunkt)
- Aktivisere (grønstruktur, byromsvev, tomme bygg)
- Snu mobilitetshierarkiet (stadutvikling på dei mjuke trafikantane sine vilkår)

Desse overordna strategiane er lagt til grunn for tilrådde utformingsprinsipp (fase 4) som er vist i kapittel 4.

Vurdering:

Tilrettelegging for god stadutvikling gir grunnlag for verdiskaping, busetting og folk sitt kvardagsliv, trivsel og tilhøyrigheit og ikkje minst berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen har eit ansvar for å stimulere og legge til rette for medverknad og samarbeid om sentrumsutviklinga, noko masterplanarbeidet har vore eit bidrag til.

Kommunen har også som planstyresmakt eit overordna ansvar for å legge gode rammer for sentrumsutvikling. Sjølv om det er kommunen som vedtek både eigne arealplanar og private planforslag som blir utarbeidd, vil det i stor grad vere opp til private å ta i bruk handlingsrommet planane gir for gjennomføring av tiltak.

Hensikten med Masterplan for stadutvikling er å identifisere overordna grep som sikrar at eksisterande stadtaktilitet vert ivaretatt og styrka i samband med framtidige plan- og byggeprosessar. Dermed er masterplanen eit godt utgangspunkt for den områderegulereringa som Vågå skal gjennom i forbindelse med flaumsikringa av Vågåmo, der fleire av flaumsikringstiltaka vil kunne påverke kvalitetar i Vågåmo sentrum. Masterplan for stadutvikling og dei tilrådde overordna plangrepa vil vere eit innspel og eit grunnlag inn i planarbeidet. Dette blir nærmare omtala i forslag til planprogram for områdereguleringsplanen.

Stadutviklingsplanen / Masterplanen vil være eit dokument som kan utviklast vidare i takt med vidare utvikling av sentrum.

Masterplanen bygger opp under samfunnssdelen sine mål for stadutvikling, men sidan gjeldande arealplanar ikkje skulle legge rammer for masterplanprosessen, vil det vere tilrådingar i masterplanen som for enkelte område og tema ikkje samsvarer heilt med gjeldande arealplanar. Masterplan for stadutvikling vil vere eit innspel til pågåande planprosessar og vidare planarbeid i Vågåmo sentrum.

Masterplanen vil vere ei dokument administrasjonen i Vågå kommune kan ta i bruk som eit underlag for si behandling av søknadar og private planinitiativ, samt til kommunens eigne planar. Tilrådde plangrep i masterplanen er ikkje juridisk bindande og må finne si avklaring og forankring i planverket gjennom formelle planprosessar etter plan- og bygningslova. Gjennom planprosessar etter plan- og bygningslova, vil føreslege arealbruk også måtte avklarast i forhold til nasjonale og regionale føringer for arealforvaltning. Masterplan for stadutvikling er eit grunnlagsdokument som gjennom planprosessar vil måtte avklarast vidare. Det kan vere andre kryssande interesser og føringer som det ikkje er teke omsyn til i masterplanen, og som må vurderast i plansamanheng. M.a. må det nemnast at nasjonal jordvernstrategi er blant dei føringer som er vesentleg styrka.

Kommunedirektøren si innstilling:

Vågå kommunestyre stiller seg bak arbeidet med Masterplanen og gir Kommunedirektøren mynde til bruke masterplanen som eit grunnlag og ei rettesnor i arbeidet med vidare utvikling av Vågåmo.

Kommunestyret si behandling av sak 42/2023 i møte den 22.06.2023:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Vågå kommunestyre stiller seg bak arbeidet med Masterplanen og gir Kommunedirektøren mynde til bruke masterplanen som eit grunnlag og ei rettesnor i arbeidet med vidare utvikling av Vågåmo.

